



Arkivnr: 2016/6177-2
Saksbehandlar: Endre Korsøen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.09.2016

Høyring av tiltak mot negative miljøeffektar av medikamentell behandling mot lakselus

Samandrag

Nærings- og fiskeridepartementet har sendt på høyring tiltak mot negative miljøeffektar av medikamentell behandling mot lakselus. Det har vore ein stor auke i bruk av legemiddel til behandling mot lakselus dei seinare år. Dette har skapt usikkerheit knytt til miljøeffektane av slike behandlingar. På grunnlag av ny kunnskap om potensielle negative effektar på villlevande marine organismar av den omfattande bruken av legemiddel mot lakselus vert følgjande tiltak fremma:

1. Krav til kor tømning av behandlingsvatn frå brønnbåt, i samband med medikamentell behandling mot lakselus, kan eller ikkje kan gå føre seg.
2. Krav knytt til bruk av kitinhemmere (flubenzuronar) .
3. Krav til vurdering av risiko for negative miljøeffektar og risikoreduserande tiltak ved behandling mot lakselus.

Hovudformålet med forslaget er å hindre uakseptable miljøeffektar ved medikamentell behandling mot lakselus.

Høyringsfristen er 01.10.2016.

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune støtt forslaget om styrking av regelverket for å hindre uakseptable miljøeffektar ved medikamentell behandling mot lakselus.
2. Legemiddel med uønska langtidseffektar i miljøet er viktig å unngå. Hordaland fylkeskommunen ber departementet om å lage ein plan for utfasing av kitinhemmere som lovleg behandlingmiddel mot lakselus.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Høyringsbrev – «*Forslag til tiltak for å motvirke negative miljøeffektar fra behandling mot lakselus på akvakulturlovens virkeområde*».

Fylkesrådmannen, 02.09.2016

Bakgrunn

Dette forslaget bygger på kunnskap om miljøeffektar som i hovudsak kjem fram i Havforskningsinstituttet si risikovurdering av norsk fiskeoppdrett for 2016, og i preparatomtalene som følgjer relevante legemidlar.

Krepsdyr er ein del av det akvatiske økosystemet og med førekomstar i sær store mengder på fleire trofiske nivå. Sidan lakselus er eit krepsdyr, kan medikament som har effekt på lakselus også verka på andre krepsdyr i det akvatiske miljø. Kor giftig eit stoff er for ein organisme, varierer. Om ein organisme vert påverka, er avhengig av kor stor dose av medikamentet dei kjem i kontakt med, kor lenge dei er i kontakt med stoffet og kor følsame dei er.

Auken i bruk av lakselusmidlar og tal behandlingar, samstundes som det har skjedd ei utvikling i bruk av ulike midlar i kombinasjon og auka behandlingdoser, har avdekket eit manglande kunnskapsgrunnlag, særleg med omsyn på:

- Effekt på non-target organismar
- Bruk av legemidlar i kombinasjon
- Økte doser av legemidlar

Lakselusmidla kan grupperast i to hovudgrupper:

1. Bademidlar som organofosfat (azamethifos), pyretroider (cypermethrin, deltametrin), og hydrogenperoksyd
2. Førtilsetningsmidlar som flubenzuroner (teflubenzuron, diflubenzuron) og emamektinbenzoat.

Bademidlar

Risikoen for at non-target organismar vert eksponert for avlusningsmidlar er vanskeleg å fastslå nøyaktig. Dette gjeld både konsentrasjonen dei vert utsett for og kor lenge dei eventuelt vert eksponert. Truleg vil dette variere frå gong til gong og frå lokalitet til lokalitet fordi vind- og straumforholda i fjord- og kystområda varierer mykje. Azamethifos er det minst toksiske medikamentet. Middelet er vurdert til å ha låg risiko for påverknad av non-target organismar. Hydrogenperoksid ga liten effekt på forsøksdyr ved korttidseksponering, med unntak av kopepodar og pungreke. Basert på tilgjengelege data er risiko for påverknad av non-target-organismar vurdert som lav til moderat. Basert på fortynningsfaktorar vil cypermethrin ha lågare risiko for påverknad av non-target organismar enn deltamethrin, men høgare enn hydrogenperoksid.

Førtilsetningsmidlar

Feltgranskinga har vist at botnlevande skaldyr som reker og sjøkreps vert eksponert for flubenzuroner over lengre tid, men det er trong for kunnskap frå fleire feltgranskinga. Forsøk ved Havforskningsinstituttet viser at reker (strandreker og djupvassreker) er meir sensitive for langtidseksponering av teflubenzuron enn hummeryngel. Flubenzuroner har liten effekt på børstemark som er nøkkelartar i omsetninga av organisk materiale i sedimentet. Børstemark spelar truleg ei viktig rolle for å redusere mengda av flubenzuroner i sedimentet. Av non-target-organismar er det artar eller livsstadier med hyppige skalskifte som er mest utsatt, medan vaksne individ og artar som sjeldan skiftar skal er mindre trua.

Det er ikkje funnet nokon samanheng mellom bruk av emamektin og endringar i artssamansetninga eller tal individ av same art i området rundt oppdrettsanlegg. Vurdert i høve til dagens kunnskap vil bruk av emamektin-benzoat gje liten risiko for effekt på non-target-organismar.

Forslag til forskriftsendringar

Det er i dag tilstrekkelege sterke indikasjonar på at naturmangfaldet vert påverka negativt av lusebehandlingmidlar. Nærings- og fiskeridepartementet foreslår derfor følgjande nye tiltak for å avgrense dei negative miljøeffektane som følgjer av bruk av legemidlar mot lakselus:

1. Krav til kor tømning av behandlingsvatn frå brønnbåt kan, eller ikkje kan gå før seg. Dei mest opplagte områda der badebehandlingvatn ikkje kan tømmast er reke- og gytefelt.

2. Krav knytt til bruk av kitinhemmere (flubenzuroner): Det skal vera god miljøtilstand under akvakulturanlegget før bruk, det skal gå minst 6 månader mellom kvar behandling og kitinhemmere skal ikkje nyttast på lokalitetar som ligg nærmare enn 1 000 meter frå rekefelt.

3. Krav til vurdering av risiko for negative miljøeffektar og risikoreduserande tiltak ved behandling mot lakselus.

Vurderingar

Lakselus er eit krepsdyr, og legemidlar retta mot lakselus kan også ramme andre typar krepsdyr som lever i nærleiken av oppdrettsanlegga. Desse krepsdyra kan vera viktige næringsdyr for andre organismar i økosystemet, eller dei kan vera viktige kommersielle artar slik som reker.

Legemidlar mot lakselus vert i hovudsak brukt av omsyn til ville stammar av laks og sjøaure. For mykje lakselus er ein trussel mot ville stammar av laks og sjøaure. Lakselus har truleg bidrege til reduserte stammar av laks og sjøaure i Hordaland.

Hordaland fylkeskommune er grunnleggjande einig i framstillinga i høyringsnotat som i hovudsak byggjer på forskingsbasert kunnskap om miljøeffektar, og preparatomtale som følgjer relevante legemidlar.

Tall frå Nasjonalt folkehelseinstitutt viser at det i 2014 blei rapportert ein auke på nærmare 50 prosent i bruk av kitinhemmere frå året før, og ein nær firedobling av hydrogenperoksid.

Bransjen har ansvaret for at produksjonen av oppdrettsfisk skjer miljømessig forsvarleg. Det går føre seg mykje forskning og utvikling knytt til alternativ til medikamentell behandling av lakselus, og fleire ikkje medikamentelle metodar er teken i bruk. Det er viktig å holde trykket oppe på teknologiutviklinga for alternative behandlingsmetodar slik at bruken av legemidlar vert avgrensa.

Dei føreslåtte forskriftsendringane vil kunne medføre negative økonomiske konsekvensar for akvakulturanlegga som blir omfatta. I Hordaland vil omlag ein fjerde del av lokalitetane liggje nærare registrete rekefelt enn 1 kilometer noko som medfører at kitinhemmarar ikkje kan brukast. Lerøy Seafood Group (innehavar av ca. 1/3 av produksjonskapasiteten i fylke) har valgt å følgje eit føre var-prinsipp når det gjeld bruk av kitinhemmere, og har derfor ikkje nytta desse stoffa dei siste åra i påvente av ny informasjon om verknaden av desse på skaldyr.

Hordaland fylkeskommune er oppteken av at det er stoff med uønska langtidseffektar i miljøet som er viktig å unngå. Kitinhemmere er tungt nedbrytbare og bioakkumulerande og vil opphalde seg lenge i miljøet og påverke organismar over lang tid. Granskingar utført i felt har funnet halveringstider i sedimenta på inntil 170 døgn, medan forsøk i laboratorium har vist at kitinhemmere kan ha vesentleg lengre nedbrytingstid. Det er truleg tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for å sei at bruken av kitinhemmere på sikt bør avsluttast. Med denne bakgrunnen ber Hordaland fylkeskommunen departementet om å lage ein plan for utfasing av kitinhemmere som lovleg behandlingssmiddel mot lakselus.

Effekten av tiltaka er vurdert opp mot dei samla konsekvensane tiltaka har på næringsaktørar og miljøet rundt. Slik fylkeskommunen ser det representerer dei føreslåtte tiltaka naudsynte tiltak for å avgrense skade på naturmangfaldet rundt oppdrettsanlegga. Omsynet til krepsdyr og andre organismar i økosystemet i nærleiken av oppdrettsanlegga må veie tyngre enn dei ulemper tiltaka påfører aktørane. Utifrå ei samla vurdering stør Hordaland fylkeskommune at dei føreslegne krava vert forskriftsfesta.